

Osterøy kommune  
Kontrollutvalet

Kopi: Ordfører  
Rådmann  
Økonomi-  
ansvarleg

Isdalstø, 18.04.2018  
Nummerert brev nr.16

## Årsrekneskapen 2017

Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2017. Vårt arbeid er utført med heimel i kommunelova § 78 og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv. som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Forskrifta § 4 krev at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk fylgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA). Vår hovudoppgåve er å konkludere på om årsrekneskapen er avlagt utan vesentlege feil. Revisjonshandlingane gir oss grunnlaget for denne konklusjonen. Desse handlingane er styrt av vurderingar i høve til risiko og vesentlege tilhøve og vil mellom anna omfatte stikkprøver, analysar, fysisk inspeksjon, samtalar med leiinga og kontroll mot ulik ekstern informasjon.

I denne rapporten vil vi kommentere nokre forhold som fylgjer av vår revisjonsgjennomgang.

### 1. Interimsrevisjon

I 2017 har vi mellom anna kontrollert kommunen si fakturering av kommunale gebyr. Kontrollen viste ingen avvik.

På utgiftsområdet er det ved kvar mva termin kontrollert utgiftsbilag i samband med attestasjon av mva kompensasjonsoppgåver. Avvik eller manglande dokumentasjon er tatt opp med økonomikontoret ved kvar termin og korrigert. Lønnsutgifter er kontrollert på

stikkprøvebasis. Det er i tillegg gjennomgått ulike prosjektrekneskapar i samband med attestasjonar der bokførte utgifter er kontrollert.

Vi har vald ut nokre investeringsprosjekt for nærare kontroll i 2017. Kontrollen omfatta mellom anna fysisk inspeksjon av aktuelle investeringar. Kontroll av desse prosjekta viste ingen vesentlige avvik.

## **2. Årsrekneskap 2016**

### **2.1 Likvidar utanfor rekneskapen**

Etter kommunelova § 48 skal årsrekneskapen «omfatte alle økonomiske midler som disponeres for året, og anvendelsen av midlene.» Under interimrevisjon i 2015 kartla vi bankkontoar og kontantkassar som tilhøyrrer kommunen, men som ikkje var medteken i kommunerekneskapen. Resultatet av kartlegginga vart omtalt i vårt nummererte brev nr 13, datert 23.03.2016. Pr 31.12.2015 var kommunen eigar av bankkontoar med samla innestående om lag kr 709 000 som ikkje var bokført i kommunerekneskapen. Dette har også tidlegare vore omtalt i revisjonsrapportar. Vi har bedt om å få tilsendt årsoppgåver pr 31.12.2017 frå Osterøy ungdomskule, Valestrand skule og Haus skule som var dei tre einingane som hadde størst beløp på bankkontoar utanfor rekneskapet i 2015. Pr. 31.12.17 har desse tre einingane bankinnskott på kr 448 709 som ikkje er bokført i kommunerekneskapen. Tilsvarende for 2016 var kr 661 223.

Likvidar utanfor rekneskapen gir svakare internkontroll og medfører såleis risiko for feil. Rekneskapen oppfyller ikkje krava i kommunelova § 48 på dette punktet.

Då desse likvidane ikkje er bokført i kommunerekneskapen er dei heller ikkje omfatta av kommunen sine rutinemessige avstemmingar eller vår revisjon og vi må difor ta atterhald om dette i revisjonsmeldinga.

### **2.2 Likvidar avdelingsvis**

Kommunen har oppretta egne bankkontoar for nokre av dei mindre einingane. Dette gjeld mellom anna bufellesskapa, helsestasjon og fysioterapi. I tillegg til bankkontoar har desse også ein kontantkasse og ein hjelpekonto i rekneskapet. For desse kontantkassane er det avvik mellom bokført saldo og opptalt kasse. Avvika er ikkje vesentlege, men bør avklarast og vi ber om at kommunen etablerer rutinar for avstemming og bokføring av desse kontoane, samt at einingane får informasjon og oppfølging slik at rutinane blir innarbeidd.

## 2.3 Utlån

I samband med sal av Gjerstadheimen er det bokført lån til Museumssenteret på kr 1 522 292. Lånet er ikkje dokumentert med signert låneavtale og vi ber om at dette blir lagt fram.

Kommunen nyttar Lindorff til forvaltning av startlån mv. Bokført saldo 31.12.2017 er ikkje nøyaktig avstemt mot utskrift frå forvaltar. Dette bør avklarast i 2018 slik at bokførte utlån, renteinntekt, og avdrag er samsvarer mot oppstillingar 31.12. mottekne frå Lindorff.

## 2.5 Langsiktig gjeld

Kommunen si langsiktige lånegjeld består mellom anna av kortsiktige sertifikatlån og obligasjonslån. Av langsiktig ekstern gjeld på totalt kr 529 mill, er kr 212 mill. lån som finansielle instrument. Dette utgjer 40 % av den totale lånegjelda. Av dette har 119 mill. forfall i 2018, medan 92 mill. av desse har forfall i 2023. Tilsvarende pr. 31.12.2016 var sum lån som finansielle instrument, kr 167 mill. som utgjorde 34 % av total lånegjeld.

Refinansieringsrisikoen er generelt låg for kommunar. Lånegjeld i form av kortsiktige finansielle instrument har likevel ein auka risiko i forhold til tradisjonelle lån. Dette skuldast i hovudsak at ein er avhengig av å ta opp nytt lån for å finansiere innbetalinga av det eksisterande lånet ved forfall og at ein ikkje veit korleis lånemarknaden er då og kva vilkår ein vil få på det nye lånet. Det er såleis viktig at ein evaluerer kostnadane ved bruken av finansielle instrument opp mot rentevilkår ved tradisjonelle lån.

## 2.6 Urettmessige krav

Viser til note 11 i årsrekneskapen med informasjon om at kommunen har motteke fakturaer som blir vurdert å vera urettmessige. Rekneskapsmessig handsaming av usikre forpliktelsar er omtalt i kommunal rekneskapsstandard (KRS) nr 7. I medhald av KRS nr 7 er saka opplyst i note, men har ikkje medført utgiftsføring i rekneskapen for 2017.

## 3. Årsmelding og årsrekneskap

Økonomisk informasjon i notar er kontrollert og årsmelding er kontrollert på stikkprøvebasis. I kommunelova § 48 er det mellom anna fylgjande krav til årsmeldinga: *«Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten»*. Dette temaet er ikkje så synleg i årsmeldinga og vi rår til at ein vurderer korleis dette kan koma tydelegare fram i

seinare meldingar. Med unntak av dette har vi ingen vesentlige merknader etter denne kontrollen.

Etter rekneskapsforskrifta skal rekneskapen vera avlagt seinast 15.02. og årsmeldinga 31.03. Rekneskapen var ikkje heilt avslutta når denne kom til revisjonen 04.04.2018. Mellom anna var det notar som ikkje var klar og ein del avstemmingar og dokumentasjon har vi etterlyst.

Vi rår til at ein ser på rutinane for neste års rekneskapsavslutning, slik at rekneskapen blir avlagt innan fristen og at den då er fullstendig med omsyn til innhald og dokumentasjon. Årsrekneskap og årsmelding bør og vera datert og signert når kommunen vurderer at desse er avlagt.

#### **4. Konklusjon**

Med unntak av likvidar utanfor rekneskapen er merknadane i rapporten er ikkje vurdert som grunnlag for atterhald i revisjonsmeldinga. Dei andre kommentarane bør takast omsyn til som del av kommunen sin økonomiske internkontroll.

Rekneskapen vart motteke av revisjonen 04.04.2018. Etter rekneskapsforskrifta skal denne vera avlagt seinast 15.02. Då rekneskapen var seint avlagt, vart ikkje revisjonen ferdigstilt slik at vi kunne skrive revisjonsmelding innan 15.04.18 slik kravet er i forskrift om revisjon. Vi har difor skrive negativ revisjonsmelding pr. 15.04.18. Denne er erstatta av ny revisjonsmelding som er datert 18.04.18.

Med venleg helsing

Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik

Revisjonssjef